

Kultur for alle

Innspel til ny kulturmelding
2018

Er kultur viktig? - Feil spørsmål

Kultur er heilt nødvendig for eit samfunn som legg vekt på demokrati, fellesskap, ytringsfridom og utvikling.

Spørsmålet er: Korleis best legge til rette for korpsguten, kunstnaren, konsertopplevinga, kinogjengaren, biblioteksbrukaren, museumsgjesten, det komande talentet, frå det det smale til det breie, frå underholdning til det utfordrande.

Kultur for alle - korleis få det til i praksis?



eld kraft vatn

Internasjonale og nasjonale føringar og det vi veit

- «at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfald av kulturuttrykk» etter kulturlova er dette eit statleg og kommunalt ansvar, men gjev ingen garanti, berre eit visst minimum.
- **Ikkje finne opp kruttet på nytt**, ta tak i dei utfordringane som Enger-utvalet la fram i Kulturutredninga 2014
- Utgreiinga peiker på at den kulturelle grunnmuren, mellom anna folkebiblioteka, kulturskulen og ungdomsklubbane, har sakka akterut. Desse har vore taparane i den kulturpolitiske ressurskampen og må no bli prioritert. Meir likeverdige tilbod i kommunane i heile landet. Eit lokalt kulturløft.
- Det er påkrevd med ein omfattande økonomisk støtte frå det offentlege for å utnytte potensiale og sikre alle kulturell deltaking og oppleving. Kultur har eigenverdi.

Lommeboka bestemmer?

- Vi treng særleg meir kultur retta mot born og unge gjennom dei etablerte kulturinstitusjonane
- Legg betre til rette for at fleire kan bruke kulturtilbodet og fjern hinder for deltaking
- Kulturadministrasjonen – det frivillige – det profesjonelle - samarbeidet - rammene



I visjonen til St. meld. nr 10 (2011-2012)
Kultur, inkludering og deltaking står det:
*«Ein inkluderande kultursektor er ein sektor
der alle har like moglegheiter til deltaking
og til å utvikle sine skapande ressursar,
uavhengig av faktorar som
sosioøkonomisk-, kulturell- eller religiøs
bakgrunn eller funksjonsevne».*

- Det er ein klar samanheng mellom inntekt og bruk av kulturtilbod
- Pris er med på å ekskludere
- Tidleg engasjement – kompetente kulturbrukarar



Utfordringar og moglege løysingar i praksis

Rammer, pengar, tilgjenge, kunnskap, kompetanse, aktørar, prioritering av tid m.m:

Døme:

For elevar i Førde kommune er eit besøk på kunstmuseet her ganske lett, men for elevar i kommunane rundt er det ei utfordring med tanke på prioritering av tidbruk og midlar til transportutgifter

DKS, den kulturelle spaserstokken m.m. er ordningar som sikrar kvalitet og kultur for alle i målgruppa. I distrikta kor det kan vere langt til dei store kulturinstitusjonane vil dette vere viktige tiltak som bør utviklast og supplerast vidare.

Digitalisering og ny teknikk

- Live opera, ballett, konsert, kunst....
- Eineståande produksjonar tilgjengeleg for alle



eld kraft vatn

Verdiskaping



eld kraft vatn

Resursar og fordeling

- **Ligg ein kommune langt unna ein stad med eit større kulturtilbod, vil det vere behov for å ha eit breiare kulturtilbod lokalt. Dette vert ikkje tilstrekkeleg tatt omsyn til!**
- Når rammeoverføringane til kommunen aukar, må også kulturbudsjetta i kommunen gjer det same
- *«Kulturutgiftene til kommunene i Sogn og Fjordane er noe lavere enn landsgjennomsnittet dersom vi holder idrett utenfor. 7 av 26 kommuner bruker mer på kultur enn landsgjennomsnittet. Vi vet at utgifter til kultur påvirker kulturtilbudet i stor grad. Kommunenes forutsetninger for et godt kulturtilbud varierer ganske mye»* (Telemarksforsking, Norsk kulturindeks)
- Staten må legge til rette for ei betre samordning mellom stat, fylke og kommune og utjamne geografiske fordeling av kulturmidlar
- Det krev økte ressursar både frå stat og kommune, og eg trur vi treng **øyremerking** av statlige midlar i ein periode for å sikre at vi får til eit lokalt kulturløft og kultur for alle